

Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Dato: 9.juni 2021

Tid: Kl 11.00 - 16.00

Stad: Thon hotell Førde

Namn	Organisasjon	Fråvær
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Lene Grønsberg	Rusettervernet	permisjon
Eysteinn Udberg	Rusettervernet	x
Liv Krognest	FFO (LPP)	
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Arne Hovland	FFO	
Øystein Ryningen	FFO	
Per Tollefsen	SAFO (NFU)	x
Stein Erik Øvrebø	SAFO	x
Frida Galaasen	SAFO(NFU/NHF)	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Kristoffer Skjolden	Fylkeskommunalt råd	x
Harald Ekroll	Fylkeskommunalt råd	x
Synnøve Solhaugen Engen	Kommunalt råd	
Elin Therese Sørbotten	KS/Førde kommune	
Børge Tvedt	Helse Førde	

Tid	Nr	Saker
11.00	15/ 2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
11.10	16 /2021	Godkjenning av referat frå førre møte
11.15	17 /2021	Handlingsplan for Helse Førde sin forskings- og innovasjonsstrategi Janne-Merete Øien
12.00	Matykt	
13.00	18 /2010	Aktuelt nytt frå Helse Førde – Børge Tvedt
13.30	19 /2021	Aktuelt nytt frå kommunane – Elin Therese Sørbotten
14.00	21/2021	Digitale innbyggjarløysingar og sjølvbetjeningsløysingar v/ Frode Schancke
14.20	Pause – beinstrekk - fotografering	
14.30	22/2021	Open Post – brukarane sin time <ul style="list-style-type: none"> • Evaluering- Handlingsprogrammet FBU v/leiar • Økonomikontroll • Førebu saker til møtet med styret i oktober • Avtale møtestad i ein kommune? Lunch-til- lunch-møte? • Rehabiliteringskonferansen 2021 • Markering av «kva er viktig for deg» dagen 9.juni

Nr	Referat
15/ 2021	Leiar Eiliv ønskte velkommen med registrering - innkalling og sakliste godkjend
16 /2021	Kort gjennomgang av referat frå førre møte. Leiar synte til oppfordringa om aktuelle tema i sak 8/21 – innkomne forslag gjeld kontaktlegeordning/ rusvern – referatet godkjend .
17 /2021	<p>Janne-Merete Øien deltok digitalt, og presenterte handlingsplan for Helse Førde sin forskings- og innovasjonsstrategi – sjå presentasjon. FBU vert invitert til å kome med innspel til handlingplanen.</p> <p>Brukarrepresentantane bidrog med kommentar og innspel til presentasjonen, og planprosessen.</p>
18 /2010	Klinikkdirektør Børge Tvedt orienterte om aktuelt nytt frå Helse Førde – sjå eigen presentasjon som del av fellespresentasjonen.
19 /2021	<p>Interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten presenterte aktuelt nytt frå kommunane. Ho informerte samtidig om «kva er viktig for deg dagen», og det vert elles synt til rapportering frå kommunane i fellespresentasjonen. Sørbotten orienterte også kort om ny modell for helsefelleskap i Sogn og Fjordane, og om dei fire prioriterte målgruppene.</p> <p>Utvalet gav tilbakemelding på omgrepet «skrøpelege eldre», noko representantane frå helseføretaket og kommunane vil ta med i det vidare arbeidet med helsefelleskapsmodellen.</p>
21/2021	Gjennom eigen presentasjon informerte avdelingssjef IKT Frode Schancke digitale innbyggjarløysingar og sjølvbetjeningsløysingar. PP-presentasjonen fylgjer referatet i fellespresentasjonen.
Pause – beinstrekk - fotografering	
22/2021	<p>Open Post – brukarane sin time</p> <ul style="list-style-type: none"> • Økonomikontroll – sekretariatet presenterte rekneskapsresultat pr mai 2021 – forbruk stort omlag 60.000NOK av samla budsjett stort 494000. • Leiar orienterte om bakgrunn for utsending av reviderte retningslinjer. Til innspel om at brukarrepresentasjon i nokre samanhengar bør vere knytta til kompetanse – eks i psykisk helsevern, vart det noko diskusjon mellom utvalsmedlemmane. Etter litt drøfting av tema konkluderte leiar med at dette perspektivet ikkje vert å ta inn i dei skriftlege retningslinjene, og at dei tidlegare vedtekne retningslinjene som går på prosess og ansvar framleis skal gjelde. Leiaren presiserte likevel at omsynet til fagkompetanse, erfaring m.m, som er nemnt i det alternative forslaget til retningslinjer, er omsyn som skal vektleggjast i utvalet sitt skjønn ved utnemning av representantar i prosjekt, råd og utval. Det er viktig at brukarrepresentasjonen kan rekrutterast frå FBU, slik at kompetanse og erfaringsutveksling kan skje mellom medlemmane og at ein får til god kontakt mellom utvalet og prosjekta. Både for å få inn rett kompetanse og også av omsyn til kapasitet, vil det likevel i ein skilde høve vere rett å utnemne ressursperson utanfor utvalet. Det føreset at ein får betre tilbakemeldingar til utvalet enn det ein har hatt til no. • Evaluering- Handlingsprogrammet FBU v/leiar. Det var litt knapp tid til gjennomgang av handlingsprogrammet. Det kom inn forslag om å



innhente eksterne ressursar til å snakke om rusettervernet ut frå erfaring frå andre sjukehus. Det må eventuelt bli på første møte i september. Leiaren vil ta ny utsjekk av handlingsprogrammet, og sende ut eit revidert forslag.

- Presisering av at ein må få til ei betre oppfølging av tilbakingar frå FBU sineutvalsrepresentantar skal kome tydelegare fram i det reviderte handlingsprogrammet
- Utvalet var oppfordra til å komme med innspel til saker til møtet med styret i oktober – liste over saker må vere leiar i hende innan 15.august. I møtet kom det framlegg om følgjande tema som utvalet ynskjer å belyse;
 - 1) Lange ventelister for skulderoperasjonar i HF. Utvalet har fått signal både fra pasientar og legar om at dette er dagsaktuelt, utifrå at det pr dd er eit stort personleg og samfunnsøkonomisk problem.
 - 2) Kontaktleigeordninga – funksjon og omfang
 - 3) Økonomisk langtidsplan 2022 - 2026 for Helse Førde:

Langtidplanen viser eit overskot dei to første åra og i 24 - 26 viser planen underskot. Ut over ei mindre auke av rammetilskotet, er inntektene haldne på 21-nivået. Det er også von om at ekstraavgifter på grunn av covid 19 blir redusert og dermed kan overførast til annan aktivitet.

Utfordringsbilde;

- All insparing for å kome i balanse må takst gjennom effektivisering av drifta.
- Det er ei forventning om at det å ta i bruk Livabygget skal gjere det mogeleg gjennom meir kostnadeffektive løysingar å redusere driftsutgiftene.
- Ei auke i det totale bygningsarealet fører normalt til auka driftsutgifter for bygg og arel. Mykje av innsparinga må då gå på tenestetilbodet.
- Lønskostnadane skal reduserast.

Ser vi dette i høve til administrerende direktør si rapportering blir utfordringane forsterka av mellom anna:

- Lange ventelister på både somatikk og psykiatri
- Auke i talet på fristbrot.
- Store kostnader til fornying av medisinsk utstyr.

Brukarutvalet er sterkt bekymra for at dette utfordringsbildet kan føre til reduksjon av tenestetilbodet, stans eller forsenking i utvikling av forbetring av dagens tenestetilbod og framtidig utviding av tenestetilbodet.

Styret kan utfordrast på kva strategiar som vil bli lagt framover slik at ein kan utvikle og forbetre dagens tenestetilbod innafor dei økonomiske rammene om er venta i 4-års perioden.

Leiar Eiliv vil utfylle notatet om langtidsbudsjettet, og ber samtidig om at forslagstillarane for dei to første temaa utarbeider eit meir utfyllande notat.

- Avtale om at planlagd møte 8.september vert avlyst, og ny avtale om lunch-til- lunch-samling i Sogndal 15.og 16.september. Sekretariatet kjem attende med informasjon når det er klarlagd meir

- Marita Aarvik vert FBU sin utsending til Rehabiliteringskonferansen 2021

Generell brukartilbakemelding om at lyd kvaliteten i salen var for dårleg – spesielt på det digitale innslaget.